



Gol kommune

Lauvset hyttegrend

v/ Øyvind Leivestad

Dykkar ref.

Vår ref.
15/00509-12

Dato
02.06.2015

Adressering langs Gamle Heimstølvegen og øvrige vegar i Lauvset hyttefelt

Eg viser til din e-post datert 24.05.2015, journalført her 26.05.2015.

For det første – storleik, utsjånad og plassering av husnummerskilt bør følgje råd som er gitt i adresserettleiar frå Kartverket. Skilta bør vera i eit bestandig materiale, lett lesbare, også i mørket. Skilt med kvit, refleksbelagt bakgrunn, svart kant og svarte siffer er gjerne ønska av sjåførane i utrykningskøyretøy. Dei seier at då veit dei kva dei skal sjå etter. Skilta bør plasserast lett synleg, og der trafikantane ventar å finne dei : på eit hushjørne mot vegen, eller eventuelt ein portstolpe. Skiltet bør ha ei høgde på ca. 15 cm, og skiltbreidda varierer med siffer-talet, frå 15 til 28 cm. Vanlegvis er teksthøgda 10,5 cm. Dette er «standard-vare» ein kan få tinga i dei fleste byggevare- og jernvareforretningar i landet.

Det er viktig at alle bygg er nummerert, det gjer det lettare å finne fram i ein naudsituasjon. Dersom hyttegrenda vel å organisere bestilling og/eventuelt innkjøp av husnummerskilt, vil ein få ei einsarta skilting som gjer det lettare å finne fram. Det er den enkelte eigar som er ansvarleg for skilting av bygget – dette følgjer av forskrift til matrikelova, § 57, pkt. 2.

For det andre – eg har ikkje oversikt over kva for kommuneplan eller anna plan hyttetomtene tidlegare har vore nummerert etter. Det kan vera at nokon har brukt tomtenummer, men dette er ikkje noko som er lagt inn i adressesystemet vårt, og det er heller ikkje søkbart. Det er dessutan stor far efor forveksling – tomtenummer 1, 2, 3 osv. vil ein finne i dei aller fleste hyttefelt. Det er svært viktig at ein ikkje innfører og brukar andre adressesystem enn dei som er offisielle og er å finne i mellom anna Matrikkelen. Eg rår til å bruke dei vegadressene som no er lagt i Matrikkelen, og heller bygge opp eit nytt medlemsregister basert på dette.

For det tredje – vedlagt finn du kart som viser dei fem veglenkene som utgjer Lauvset hyttefelt, og dermed dei husnummer som er gitt dei enkelte tomtene, enten dei er bebygde eller ubebygde. Eg håpar dette kan vera nyttig i det vidare arbeidet for hyttegrenda.

For øvrig kan vi viser til mellom anna Kartverkets nettside www.kartverket.no, eller www.seeiendom.no, der det er høve til å søke opp konkrete adresse- og matrikkelnummer i heile landet.

Med helsing

Sigrid Breivik
teknikar - Utbyggingsavdelinga

Godkjent og ekspedert utan underskrift

Vedlegg:

- Kart for Torhøgdsvegen 16-35
- Kart for Gamle Heimstølvegen 5-91
- Kart for Steinhusvegen 2-23
- Kart for Flåmyrvegen 2-23
- Kart for Glomsrudmyrvegen 15-43

Kopi til: